

Verbalforslag budsjett 2019

Tiltak	Oppdrag	Ansvarleg	Budsjett	Frist	Status
Kutt i klimautslepp og meir satsing på fornybar energi	Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om korleis Hordaland fylke som regional utviklingsaktør kan medverka til eit breitt samarbeid nasjonalt og lokalt med kommunar, næringsliv og interesseorganisasjonar om styrka finansiering av tiltak som kan gje reduksjon i klimautslepp gjennom auka bruk og produksjon av fornybar energi her under biogass, hydrogen.	Fylkesdirektør regional	Ingen	Sak til FUV sept. og FT oktober.	HFK har medverka til utarbeiding av KS-rapport, som gjev samla oversyn over kostnader til fossilfri kollektivtransport.
Internasjonalt samarbeid og klimautfordringar	Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak på korleis ein kan styrkje samhandlinga mellom strategi for internasjonalt arbeid, regionalt forskingsfond og andre samarbeidsprosjektet knytte til eksempelvis miljøprosjektet, energisamarbeid og grøn næringsutvikling.	Fylkesdirektør regional	Mogeleg behov for delfinansiering ved inngåing av partnerskap.	RS til FUV	Viser til FUV-sak 107/19, der FUV ber FYR legge fram sak våren 2020. I saka står det følgande; Avdeling for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune vil ha stort fokus på å nytte nasjonale og internasjonale verkemidlar for å auke konkurransekrafta og skape innovasjon som kan fremje ei berekraftig utvikling. Fylkesrådmannen vil fremme ei referatsak som gjev status på prosjekt og samarbeid på dette feltet.
Kutt i klimagassutslepp frå oppdrettsanlegg	Fylkestinget ber om at det vert stilt krav om nullutslepp av klimagassar eller bruk av fornybart berekraftig drivstoff for alle nye oppdrettsanlegg.	Fylkesdirektør regional	Ingen	RS til FUV sept.19 og FT okt 19.	HFK har ikkje heimel i lov eller forskrift til å stille krav om nullutslepp, eller bruk av fornybar berekraftig drivstoff for oppdrettsanlegg. Det ein kan gjere er å oppmode til det i sakshandsaming
Klimavenlege tenestereiser	<ol style="list-style-type: none"> Fylkestinget vil oppmoda politikarar og tilsette i fylkeskommunen til å nytta seg av tog på reiser til Oslo for å redusere talet på flyreiser. Videokonferansar bør og takast meir i bruk både av politikarar og tilsette. 	Alle / fylkesdirektør økonomi og organisasjon			HFK har investert ytterlegare i videoutstyr som vert nytta i stor utstrekning, særleg i samband med samanslåingsprosessen

<p>Nasjonal plan for satsing på fylkesvegane</p>	<p>1. Hordaland vil arbeide for at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan, for opprusting og skredsikring av fylkesvegane med høg og middels skredfaktor. Planen må leggjast fram ved første rullering av NTP, med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år.</p> <p>2. Hordaland Fylkeskommune skal ta initiativ til ei nasjonal samling for fylkeskommunar og interesseorganisasjonar der tema skal vera status og utfordringar for fylkesvegnettet etter reforma i 2010.</p>	<p>Fylkesdirektør samferdsel</p>			<p>Punkt 1 og 2 er teke med i RS 2019/10623 til FUV.</p> <p>Denne kan også svarast ut ytterlegare på den nasjonale Vegsikrings-konferansen 6-7 februar 2020</p>
<p>Gratis å ta med sykkel på båtsambanda</p>	<p>Fylkestinget ber Skyss leggja til rette for at det skal bli gratis og ta med sykkel på båt slik at det vert enklare å kombinera båtreise med bruk av sykkel.</p>	<p>Fylkesdirektør samferdsel</p>			<p>Tiltaket er gjennomført, jf. referatsak 11/19 til fylkestinget i juni.</p>
<p>Fritak for bompengar</p>	<p>Fylkestinget vil utgreia fritak/rabatt for bompengar for hydrogenbilar, utsleppsfrie varebilar og lastebilar. Det kan opprettast ein klimaklasse, det vil sei differensiert fritak for bioetanol- og biogass-, samt ladbare hybrid-lastebilar.</p>	<p>Fylkesdirektør samferdsel</p>			<p>Svart ut til FUV i PS 2019/45</p>
<p>Oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland</p>	<p>Fleirtalspartia vil be fylkesrådmannen følgja opp samarbeidsprosjektet og at det vidare arbeidet med samarbeidsprosjektet vert kopla til arbeidet med planlegging av nye vidaregåande skular i regionen og at ein startar dette allereie i 2019.</p>	<p>Fylkesdirektør opplæring</p>			<p>Melding i FT mars 2019 RS 8/2019</p>
<p>Klasseoppfylling</p>	<p>For å sikre god ressursutnytting er det viktig med god klasseoppfylling. Normalt vil klassar med lågare oppfylling enn 85 % ikkje starta opp. Ap, KrF, Sp og SV meiner likevel at ein kan omgå oppfyllingskravet på 85 % dersom distriktpolitiske eller faglege høve ligg til rette for dette.</p>	<p>Fylkesdirektør opplæring</p>			<p>Det vert utarbeidd eige notat.</p>
<p>Fagopplæring</p>	<p>Fylkestinget ber om at Hordaland Fylkeskommune saman med opplæringskontora syta for at det vert gjennomført bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden slik at eventuelle</p>	<p>Fylkesdirektør opplæring</p>			<p>Sak FUV juni 2019 sak 151/19</p>

	manglar knytt til arbeidsmiljø, lønn eller opplæringsplan kan rettast opp tidleg.				
Samarbeid skule næringsliv	Fylkestinget ønskjer å vidareføra det gode samarbeidet ein har mellom skule og næringsliv, der ein kan utnytta opplæringsutstyr på ein betre måte og samarbeide om investeringar og innkjøp.	Fylkesdirektør opplæring			Melding i FT mars 2019 RS 8/2019
Heiltidskultur	Fylkestinget meiner at heile stillingar skal vera hovudregelen og vil at arbeidet med å auka talet på heile stillingar skal intensiverast. Fylkesrådmannen vert beden om å koma attende med sak.	Alle / fylkesdirektør økonomi og organisasjon			Alle nye stillingar vert som hovudregel lyst ut som heile stillingar. Kartlegging av reelt omfang av ufrivillig deltid er i arbeid, jfr. RS 10/2019 Adm utvalet